

Til foretaksmøtet i Helse Sunnmøre HF

Revisjonsmelding for 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for Helse Sunnmøre HF for rekneskapsåret 2007 som syner eit årsunderskot på kr 106 142 393. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og dekking av underskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og norsk god rekneskapsskikk er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av selskapet sitt styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den Norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilette av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med norsk god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med norsk lov og god bokføringsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til dekking av underskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Ålesund, 12. mars 2008

PricewaterhouseCoopers AS



Nils-Kristian Synes

Statsautorisert revisor